

KULTURDEPARTEMENTET  
Postboks 8030 DEP  
0030 OSLODato: 25.08.2017  
Vår ref.: 2016/42-23  
Saksbehandlar: Bjørg Larsen  
Dykkar ref.: 16/4081

## Rapportering på utviklingsarbeid haust 2016 og vår 2017

Vi viser til brev av 31. august 2016 om tilskot til utviklingsarbeid i fylkeskommunane. Hordaland Fylkeskommune fekk tildelt eit tilskot på kr 75 000,- for hausten 2016 og våren 2017.

Midlane har vore nytta til å dekke opp delar av følgjande utviklingstiltak:

**Dialogkonferansen** vart arrangert i Lindås kommune 7. - 8. september 2016. Målet var fagleg oppdatering, nettverksbygging og motivering til vidare arbeid med tilrettelegging for fysisk aktivitet. Tilsette med ansvar for idrett og friluftsliv og planleggarar i kommunane var primær målgruppe. Aktivitets- og anleggsutvikling var ein raud tråd i programmet, der spelemidlar (inkl [www.idrettsanlegg.no](http://www.idrettsanlegg.no)) i tillegg til synfaring av ulike anlegg hadde ein sentral plass i programmet. Det var 35 deltakarar. **Totalkostnad kr 64 000,-.**

**Fylkeskonferansen for kultur og idrett** vart arrangert 8. november 2016 i Bergen. Målgruppa for konferansen var fylkes- og kommunepolitikarar, tilsette med ansvar for idrett og friluftsliv, folkehelse og planleggarar i kommunane og leiarar i idretts- og friluftsansisasjonar på alle nivå. Lokale- og anlægsfonden var ein av aktørane som bidrog med eit særst godt innlegg om anleggsutvikling innan idrett og kultur. **Kostnad kr 40 000,-** Desse utgiftene er ein del av eit større rekneskap for heile kultur og idrettsavdelinga og såleis ikkje så lett å spesifisere.

**Studietur til Rogaland** vart arrangert 22.-23. november 2016. Dette var spesielt retta mot interkommunalt arbeid. 16 deltakarar frå 6 kommunar var med på turen. **Kostnad på kr 33 000,-**

Hordaland fylkeskommune har dokumenterte kostnader knytta til kompetansehevande utviklingstiltak hausten 2016 og våren 2017 på **kr 137 000,-**, og ber om at kr 75 000,- vert overført til konto 5201.06.74239 merka 400.420.06.

Britt Karen Spjeld  
LeiarBjørg Larsen  
Spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift*

